

UTIGARDEN BARNEHAGE 2025-2026



Innehald:

+ Kontaktinfo.....	s.3
+ Presentasjon av barnehagen, miljø og visjon	s.4-6
+ Årshjul	s 7
+ Presentasjon av avdelingane	s.8-9
+ Vekerytme.....	s.10
+ Satsingsområde og mål	s.11-
+ Tema arbeid	s.12
+ Digital praksis	s.13
+ Livsmestring og kosthald	s. 14 og 15
+ Språk og kommunikasjon	s.16
+ Danning, omsorg, lek og læring.....	s. 17-20
+ Vaksenrolla i leiken.....	s. 21
+ Sosial kompetanse	s. 22
+ Barns medverknad.....	s. 23
+ Overgang frå barnehage til skule.....	s. 24
+ Dette jobbar vi med	s. 25
+ Dokumentasjon og vurdering.....	s. 26-27
+ Formålet med årsplan	s. 28

Kontaktinformasjon

Adresse:
Utigarden Barnehage
Grytastrandvegen 606
6265 Vatne

Mail kontoar:
Styrar@utigardenbarnehage.no
marihona@utigardenbarnehage.no
grevlingen@utigardenbarnehage.no
[o](#)

Kontor: 93258945
Styrar: Lisbeth Farstad
Marihøna: 95 12 04 40
Grevlingen: 95 03 94 87

Styret :
Linda Slyngstad,
styreleiar
Eivind Slyngstad

Samarbeidsutvalget (SU):
Foreldre: Jannicke Rye-
Wollestad
Ansatte: Marthe Nesset

Presentasjon av barnehagen, miljø og visjon:

I Utigarden barnehage legg vi spesielt

vekt på å la barna få:

- Tid og rom til å leike
- Ha naturen som leikeplass
- Bli kjent med og bli glad i naturen, gi dei eit ønske om å ta vare på den
- Utvikle grov- og finmotoriske ferdigheiter
- Kjensle av fellesskap og omsorg for kvarandre
- Handle og lære gjennom erfaring
- Kjennskap til og omsorg for dyr
- Følgje årstida med aktivitetar i nærmiljøet
- Medverke i planlegging og vurdering av sin eigen kvardag
- Delta i førebuing av sunne måltid

Utigarden barnehage er ein privat barnehage med eit hjarte for eit aktivt friluftsliv! Barnehagen tok imot dei første barna 16. august 2004. Drifta av barnehagen på Slyngstad vart nedlagt i 2024 og flytta til flotte lokaler i lag med Grytastranda Montessoriskule på Grytastranda. Dette barnehageåret blir vi 25 barn fordelt på 2 grupper.



Visjon: Ute i det fri kjem barna på gli!

Visjonen vår viser at vi er mykje ute. Naturen gir utfordringar og serverer eit mangfald av moglegheiter. Vi er ute det meste av dagen, og nyter godt av det kuperte uteområdet som har innafor barnehageområdet. Vi har få leikeapparat, så barna får bruke naturen kreativt i leiken!

Ute får barna ro til å leike i en atmosfære med naturen sine lukter, lyder og stemningar.

Om vêret er dårleg, kan vi trekke inn i den fine Hobbit hytta som ligg på skuleområdet. Om vi vil lage mat ute kan vi gå til leirplassen der vi kan sitte under tak og lage mat.

Vi legg opp til mykje aktivitet ute, men sjølvstilt vil dei yngste være ute i kortare periodar på dei kaldaste og våtaste dagane. Det er viktig at alle har godt med kle og utstyr som eignar seg til lange ute dagar til alle årstider. Dette gjer dagen kjekkare for ditt barn!

Fleire forskarar hevdar at naturen er den beste leikeplassen for barn. Her får dei utfordringar som dei ikkje møte eller i barnehagen og dei får stimulert sansane i eit miljø som endrar seg heile tida. Ulike studiar visar at det er mindre konflikthar mellom barn som leikar ute. Fantasi og kreativtite stimulerast også av moglegheitene naturen gir. Barna som leikar ute får også betre koordinasjon, betre muskelstyrke og betre balanse som leikar på tradisjonelle leikeplassar.



Verdiane våre

Inkluderande og trygt

- Barna skal bli møtt av trygge og omsorgsfulle vaksne
- Barna skal vise at dei har omsorg og respekt for kvarandre.
- Barna skal oppleve at dei blir inkludert i leiken.
- Barna skal oppleve at alle blir sett og høyrd
- Barna skal oppleve gode relasjonar mellom dei vaksne, mellom vaksne og barn, og mellom barna.
- Barna skal oppleve at alle er like mykje verdt

Naturglede

- Barna skal få kjekke natur og sanse opplevinga ute i all slags vær året rundt.
- Barna skal få medverknad til sin eigen kvardag og utvikling
- Barna skal få god tid til leik og variert aktivitet på ein naturleikeplass.
- Barn skal lære å tileigne seg respekt og glede over naturen og ynskjer å ta vare på den.
- Barna får vere i rørsle og bruke kroppen sin i ulendt terreng.
- Barna skal oppleve glede gjennom leiken i lag med andre.
- Barna skal oppleve meistring i naturen.

Måltidsglede

- Barna skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap under måltida.
- Barna skal sitte i små grupper, der det er rom for lytting og gode samtaler
- Barna skal oppleve meistring med å vere delaktige i måltidet.
- Barna skal medverke i matlaging i små matgrupper.
- Barna skal få erfaringar med å lage mat på bål
- Barna skal bli kjente med innhausting av råvarer
- Barna skal få erfaring med eit variert kosthald og smake på ulike matrettar.



Årshjul Utigarden Barnehage 2025-2026

August		Januar	
Måndag 28.07.	Først dag etter ferien	Fredag 2. 01.	Planleggingsdag,barnehagen stengt
Fredag 1.08.	Oppstart nytt barnehageår.	Måndag 5.01.	Første dag etter juleferie
Måndag 4.8.	Planleggingsdag	Februar	
Tysdag 5.8.	Planleggingsdag	Tirsdag 6. 02.	Samane sin dag
September		Veke 8	Vinterferie i skulen
Måndag 1.09.	Foreldremøte		Vinterfest
Veke 38	Brannvernveke	Mars	
	Varsla brannøving		Foreldresamtaler
	Oppstartsamtaler	Torsdag 26.03.	Påskefrokost
Oktober		Fredag 27.03.	Siste dag før påske
	Haustfest ilag med skulen	April	
Veke 41	Haustferie i skulen	Veke 14	Påskeferie, barnehagen stengt
	Foreldresamtaler	Tirsdag 7.04.	Oppstart etter påske
Måndag 20.10.	Kommunal planleggingsdag	Mai	
November		1.mai	Barnehagen stengt
	Foreldresamtaler	Onsdag 13.05.	Mini 17.mai
		Torsdag 14.05.	Kristi Himmelfarstdag , barnehagen stengt
		Fredag 15.05.	Planleggingsdag , barnehagen stengt
Desember		Måndag 25.05.	2.pinsedag Barnehagen stengt
	Julevandring	Juni	
			Foreldremøte
Torsdag 18.12.	Julefest ilag med skulen		Sommerfest
Mandag 23. 12.	Siste dag før jul , påmelding	Tysdag 23.06.	Jonsokfeiring
		Juli	
Veke 52	Barnehagen stengt (Juleferie)	Fredag 3.07.	Siste dag før ferien



Marihøna

«Marihøna er avdelinga for dei yngste barna. Her har vi spesielt fokus på å skape ei trygg og roleg atmosfære for barna»

Mange barn og foreldre møter barnehagelivet for første gong, då er det viktig at omsorg og tryggleik står i fokus, så både barn og foreldre blir trygge på overgangen heim-barnehage. Vi har fokus på gode rutinar, så barn blir trygge på kva som skal skje, og får

ein føreseieleg kvardag. Vi legg vekt på å ha ein tett og god relasjon til foreldre, så barnet ditt får det best mogleg i barnehagen. I kvardagen prøver i dele i små grupper ved aktivitetar, dette så barna får meste mogleg ro rundt aktivitetane. På Marihøna er vi veldig glade i å være ute, vi har eit kjekt og variert naturområde som inspirera til mykje lek og aktivitet. Sjølv om vi er ute kvar dag i all slag vær, så kan det bli litt mindre tid ute på vinteren, vi ser barnet sitt behov og tilpassar oss etter det.



Grevlingen

Grevlingane er avdelinga med dei eldste barna, dei er ute det meste av året.”

Utigarden er ein barnehagen som har eit stort fokus på friluftsliv og dette vil vi på Grevlingen jobbe ekstra med dette året. Vi ønske å ha fokus på det som skjer i naturen på dei ulike årstidene og også ha fokus på å ta vare på naturen. Vi ønsker å gå på tur fleire gongar i veke om vi får det til. Matlaging vil vi ha ute . Vi har eit tett samarbeid med skulen, og vi har både formelle treff, som er førskuletreff 1gong i månaden og uformelle treff der dei som skal begynne på skulen får bli med på ulike aktivitetar ilag med elevane. Førskulegruppa brukar å ha tur til Eventyrskogen på Lespøya som ei avslutning på barnehagelivet.



Vekerytme

Vekerytme 2025 -2026				
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Marihøna	Marihøna	Marihøna	Marihøna	Marihøna
Fellesdag på uteområdet Regelleiker	Turdag	Tema/sangstund	Matlaging	Formings aktivitet/ Tema arbeid
Grevlingen	Grevlingen	Grevlingen	Grevlingen	Grevlingen
Fellesdag på uteområdet Regeleiker	Turdag	Førskuleklubb Språk aktivitet	Matlaging på bål	Formings aktivitet/Tema arbeid

Mål for barnehage året :

Hovedmål for dette barnehage året blir :

Alle barna skal ha det trygt og godt med eit mangfald av naturopplevingar og kjenne seg inkludert med naturen som ein arena for lek og læring.

Del mål:

- Bruke naturen som arena for systematisk og inkluderande språkutvikling
- Barna skal få ein trygg og føreseieleg barnehagekvardag med hjelp av dagtavle på morgonsamling
- Barn skal få oppleve meistring og få allsidige rørsleerfaringar gjennom lek i naturen.
- Å styrke alle barn sin språklege kompetanse med særleg fokus på bruk av ASK symbol i rutinesituasjonar, i leiken, i samling og med høgtlesing
- Inspirere til og gi rom for ulike typar lek både ute og inne

«Å høyre til»

- I år er vi med i eit utviklingsprosjekt i regi av Haram Kommune, «Å høyre til» ,her er det særst fokus på trygt og godt i eit inkluderande språkmiljø. Vi har valt å arbeide med systematisk språkarbeid i naturen. Vår problemstilling er : *«Korleis bruke naturen som arena for systematisk og inkluderande språkmiljø»* I dette prosjektet har vi eit tett samarbeid med andre barnhagar og vi har felles kommunalplanleggingsdag, vi får også rettleiing frå Høgskulen i Volda rett inn mot vårt prosjekt. Vi er allereie godt i gong med språkløyper på tur, utlån av bøker og mykje høgtlesing, både ute og inne.

Å høyre til

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

Jan-Magnus Bruheim

Tema arbeid

Nokre tema vil vere faste, som til dømes brannvernveke, jul, karneval, samedagen, 17.mai og påske . Vi vil som alltid ha sterk fokus på friluftsliv og i år vil vi bruke eit nytt opplegg frå naturfagsenter ilag med andre samarbeidspartnar. Dette er Naturoppdraget , her får barnehageborn oppleve naturglede i nærmiljøet sitt. Dei går på tur saman og utforskar, oppdagar, sansar, leikar og lagar gjennom oppdrag og aktivitetar i nærnaturen. Vi har fått besøk av Kåre Kråke som gir oppdrag til borna. Han er ein nysgjerrig og kunnskapshungrig fyr som gir borna oppgåver og stiller mange undrande spørsmål. Vi skal også vere med på turbotråkket, som er eit samarbeid med Barnas Turlag/DNT, dette er også eit opplegg for friluftsliv der borna skal løyse oppgåver på tur i naturen. *I rammeplan står det "Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrslse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.(Rpl 2017)*



Digital praksis

Ved bruk av digitale verktøy vil vi at personalet skal legge til rette for at barn utforskar, leiker, lærar og sjølve skapar noko gjennom digitale uttrykksformer. Vi vil også at personalet skal utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk, ha eit bevisst forhold til opphavsrett og kjeldekritikk, g verne om personvernet til barn. Vi prøver å bruke minimalt med skjerm, men vi brukar å vise korte filmar med innhald i samband med tema vi jobbar med.

Dette brukar vi:

- Ipad/nettbrett
- Kamera
- Pedagogiske apper og spel
- Interaktive fortellingar og dataspel
- Internett
- Telefon/Mobil
- Projektor
- Lamineringsmaskin
- Digitalt mikroskop
- Mini prosjektor
- Inspeksjonskamera

FRA LØYVESKJEMA: Når ein tek imot barnehageplass, godtek ein også:

- Det blir teke bilde og film av barna til intern og ekstern bruk i barnehagen.
- Bilde/film kan brukast i dokumentasjon, utstillingar, framsyningar på foreldremøte, i årsplan, på nett og i lokale aviser. Det er berre personalet som skal ta bilde av barn i barnehagen. Personalet følgjer retningslinjer frå "I beste mening" utgitt av Datatilsynet.

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barnehagen skal sørge for at barna trivast, og får oppleve glede, meistring og eigenverdi .I dette arbeidet vil vi:

- Legge til rette for små leikegrupper og gi støtte i leiken
- Språkstimulering i kvardagssituasjonar ,i samling, i førskulegruppe, språkløype, språkgruppe og på tur.
- Hjelpe barna til å takle utfordringar med både egne og andre sine kjensler.
- Gi barna ei pause med roleg lek, lesing, eller kvile.
- Gi barna ulike rørsleerfaringar og eit godt grunnlag for sunne matvanar.
- Observere barna sin lek og interesser og legge til rette for å utvikle det.
- Støtte barna i samspel med andre og bygge opp om vennskap.



Kosthald

I Utigarden Barnehage har vi vore oppteken av eit sunt og variert kosthald i mange år, og vi følgjer råd og retningslinjer frå helsedirektoratet. Vi har som tradisjon og servere grove heimebaka brød kvar dag, både til frukost og lunsj. I det daglege prøvar vi også å bruke mindre produkt som er ultraprosesserte. Enkelte dagar serverer vi også havregrynsgraut til frukost. Vi prøvar å servere eit varmt måltid ein gong i veka, her likar vi å bruke reine råvarer, som td fisk, kjøt med ulike grønsaker. Vi har hatt kurs med «Fiskesprell» der personale fekk mykje inspirasjon til å lage god mat til barn av fisk. Døme på populære måltid er: «skattekiste» (som er fisk med grønsaker i folie) eller grønnsaksuppe, begge laga på bål. Suppene har vi som tradisjon å lage frå botn, vi er også så heldig at vi har foreldre som forsyner oss både med grønsaker og kjøt. I haust har vi både fått hjortekjøt, krabbe og ulike grønsaker som barna har fått smake på i ulike matrettar td rødbetvaffler og squashkaker. I rammeplan står det: « Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner.» Rpl 17

Ved bursdagsfeiring får barna velje mellom ulike sunne alternativ som td, pastasalat eller fiskeburger.



Språk og kommunikasjon.

Språk er eit kommunikasjonsmiddel for å uttrykkje kjensler, tankar, meiningar. Språk er difor også dørøpnar for sosial meistring og ein viktig faktor inn mot arbeidet for trivsel for leik og læring. Språket skaper grunnlag for gode relasjonar, for deltaking i leik og som reiskap til å løyse konflikt. I år vil vi også legge stor vekt på høgtlesing med barna og lage bokorm der vi viser alle bøkene vi har lest.

Mål for perioden:

- Bruke naturen som arena for systematisk og inkluderande språkmiljø.



Slik vil vi jobbe med språkstimulering :

- Eventyrformidling ved hjelp av konkretar.
- Bli sett og forstått, også når ein brukar det non-verbale språket.
- Høgtlesing i formelle og uformelle situasjonar
- Leike med bokstavar både gjennom lytting og teikning.
- Leike skrivning.
- Leike med språket med rytme, lyd og rim.
- Språkløyper i naturen
- Bruke språket bevisst i alle situasjonar ilag med barna
- Ha utlån av bøker til foreldre gjennom tøypose bibliotek.

Danning gjennom omsorg, leik og læring

Danning er ein livslang prosess som handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte. Denne danninga skjer i samspel med alt og alle omkring oss. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdier og normer som er viktig for fellesskapet. I dette inngår:

- Meningsfulle opplevingar med støtte av identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- Støtte barna i aktivitet og deltaking i fellesskapet .
- Synleggjere og verdsette ulike behov og meningar i fellesskapet.
- Synleggjere mangfald .
- Utfordre tenkinga til barna og invitere til utforskande samtalar.



Omsorg

Omsorg er grunnleggande for at barna skal vere trygge og trivast. Det er ei primæroppgåve for barnehagen å legge til rette for omsorgsfulle relasjonar, både mellom barn/vaksne og barn/barn, dette gir eit godt grunnlag for trivsel, glede og meistring. I arbeidet med omsorg vil vi ha fokus på dette:

- Gi trøyst og rettleiing
- Samarbeide med heimen om oppdragarrolla
- Ha god kommunikasjon, barn/foreldre/personale
- Sørge for at alle blir sett, kjenner seg trygge og kjenner tilhøyrse til barnehagen.
- Gi fysisk kontakt når barna tek initiativ til det
- Gi barna tid, for å forstå kva barna uttrykkjer
- Vise respekt for kvarandre
- Oppfordre barn til å hjelpe kvarandre og rose når barn viser omsorg for kvarandre
- Skape rom for utprøving og læring.
- Ha eit godt kosthald
- Snakke om kvifor, ikkje krevje eit "unnskyld"
- Skape sjølvtilitt og legge til rette for meistring
- Vere tydelege og sette grenser
- Skape ro, ikkje stresse
- Sjå også "dei stille barna"



Leiken

Leiken er noko vi set veldig høgt i barnehagen. Vi vil at det skal vere gode vilkår for leik, vennskap og barna sine eigen kultur. Leiken har betydning for barna sin trivsel og den er ei grunnleggande livs- og læringsform. Vi vil organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typer leik. Vi ynskjer å ha eit inkluderende miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede med leik. Vi vil også rettleie barna dersom leiken

medfører til uheldige samspelsmønster. Dei vaksne skal støtte barna til å ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle blir inkludert.



Læring

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskartronge. De skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barna sine interesser og spørsmål skal danne grunnlaget for våre læringsprosessar og temaarbeid i barnehagen.

Barnehagen skal støtte nysgjerrigheit, kreativitet, vitebegjær og lærelyst hos barna.

Vi vil legge til rette for vennskap og gode relasjonar. Dette meiner vi er føresetnader for god læring og oppleving av glede og meistring.

Vi vil styrke barna si læring både i formelle (planlagte) og uformelle læringssituasjonar (kvardagsaktivitetar).

Vi vil dele av vår kunnskap og vise engasjement. Vi vil ha ein anerkjennende veremåte i høve til barns læring.

Voksenrolla

Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs, dei skal alltid ha barna sitt beste i fokus. Personalet må gi leiken gode vilkår i barnehagen og sørge for eit miljø som er tilrettelagt og stimulerer til leik. Barna må få prøve sjølv, utforske og vere nysgjerrige!



Dei vaksen skal

- Være til stade, tilgjengelege og gi tryggleik.
- Observere.
- Tilføre materiell.
- Respondere positivt ved invitasjon til leik.
- Inspirere leiken.
- Støtte barna sine initiativ.
- Vere leiken sin beskyttar, verne god leik.
- Hjelp barn til deltaking ved å skape rollar.
- La barna hjelpe til med praktisk arbeid.
- Vere leikekamerat for å auke status.
- Vidareutvikle leiken, styre ved behov.
- Vere samtalepartnar.
- Vere kulturformidlar

Sosial kompetanse

Dette er grunnleggande for all læring og ei grunnleggande ferdigheit for å utvikle relasjonar med andre. Barna lærer det berre gjennom samspel med andre, der dei får opplevingar, utprøvingar og erfaringar ilag.



Gjennom sterk fokus på sosial kompetanse jobbar vi også med å forebygge mobbing.:

Slik vil vi gjer det:

- Alle skal respektere kvarandre i relasjon barn-barn, vaksen-barn og vaksen-vaksen.
- Vaksne som rollemodellar for barna – måten vi omtaler andre på er viktig, og relasjonen vi har til eit barn kan smitte dei andre – på godt og vondt.
- Personalet skal være tett på og bygge trygge relasjoner til barna, samt hjelpe til samspel og trivsel.
- Alle barn har rett til å oppleve vennskap.
- Vi deler i små gruppe til frokost og samling, samt leikegruppe.
- Pedagogene har eit særleg ansvar for å oppdage når barn manglar leikekompetanse, og jobbe målbevisst i personalgruppa for å styrke denne.
- Personalet skal støtte barna i den sosiale og språklege utviklinga gjennom samspel, i lek og aktivitetar.
- Vi vil sette av tid til å samtale med barna om korleis dei har det i barnehagen, tilpassa barna sin alder og utvikling.

Barn sin medverknad

I barnehagen vår skal barna ha rett til å gi uttrykk for sitt syn på sin eigen kvardags. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Vi vil vektlegge barna sine synspunkt i samsvar med alder og modning!

Vi vil i år ha spesielt fokus på fylgjande i vårt arbeid med barns medverknad:

Mariehøna	Grevlingen
❖ Medverknad på ulike nivå, individuelt, i gruppe og som representant for gruppa ❖ Utgangspunkt i barna sine interesser ❖ Bli møtt, sett og høyrd ❖ Lese kroppsspråk og vere bevisst eige kroppsspråk ❖ Gi tid og rom for undring ❖ Medverknad i dokumentasjonsarbeid	❖ Dele i mindre grupper ❖ Samtale og anerkjenning ❖ Kroppshaldningar og kjensler ❖ Sjå kvar enkelt ❖ Ta utgangspunkt i barna sine interesser ❖ Medverknad i dokumentasjonsarbeid ❖ Få ansvar på turar ❖ Få "dele den eg er"!

Overgang barnehage – skule

I barnehagen skal vi legge til rette for at barna kan få ta avskjed med barnehagen på ein god måte, dei skal glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Med skulen i same lokalet som barnehagen har vi no eit tett samarbeid med skulen der vi har førskuleklubb i SFO delen av skulen kvar onsdag. Vi har førskuledagar 1 gong i veka og førskulebarna er også med på mange andre aktivitetar ilag med skuleborna.

Vi vil jobbe med dette i førskuleklubben :

- Å stimulere språket i spel og leik, gi rom for rolleleiken
- Å vere støttande og undrande til leik med bokstavar, lesing og tekst
- Å øve inn blyantgrep, oppmuntre til å skrive namnet sitt, leikeskrive
- Å bli kjende med bokstavlydar
- Konstruksjonsleik, leik med former og mønster
- Spel med matematiske omgrep
- Eksperimentering (motsetnader, høgde, vekt, temperatur o.l)
- Sortering og sammenlikning, storleik og rekkefølge
- Trafikkreglar
- Klokka, vekedagar og månader
- Posisjonar og plasseringar
- Sjølvstende ved måltid, påkledning og dogåing
- Forteljarkompetanse, fortsetje ei historie/gjenfortelje
- Dramatisering
- Rim, regler, vitser og gåter
- Sosial kompetanse og humor😊

” Første dag i første klasse”

Endelig så står vi her
med skolesekk og fine klær
ja ventetiden den har vært
fryktelig lang!

Lærer'n vår hun smiler litt
og ønsker oss velkommen hit,
til skolen, for første gang!

*Første dag i første klasse,
det er vi som står her nå
vi skal lære oss en masse,
vi sier klar og ferdig, gå!*

Vi skal bruke fargeskrin
og male sola gul og fin
så skoledagen aldri blir
kjed'lig og grå!



Vi jobbar med

TRAS:

Observasjonsverktøyet TRAS gir kunnskap om barnet si språkutvikling i alderen 2-5 år og nyttast i vår barnehage ved kartlegging av barn som har språklege utfordringar.



Alle barnehagane, skulane, PPT og helsestasjon i Haram kommune møter dei same barna og jobbar med å gi dei språk og verktøy til å meistre livet og dei utfordringane dei kan møte.

Livet & sånn er eit gratis opplæringsmateriell for folkehelse og

Alle Med:

ALLE MED er eit observasjonsskjema der barnet si utvikling kjem tydeleg fram. Det er eit skjema som følgjer barnet gjennom heile barnehagetida og gir eit bilde av barnet si meistring. Utviklingsnivå. Tema er : Språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og

ASK

Alternativ og supplerande kommunikasjon er å kommunisere ansikt til ansikt på andre måtar enn med tale. ASK kan vere ei erstatning for tale, støtte for å utvikle tale eller eit supplement til låg eller utydeleg tale. Vi brukar dette til alle barna, der vi brukar bildestøtte ved beskjeder, dagtavle bilde på samling, bildar i garderobe og bilde støtte til songar. Dette året vil vi ha ein ekstra fokus på bruken av ask i leiken for å inkludere alle med støtte av ASK symbol, då vil vi ha ask symbol i ulike leikesituasjonar både ute og inne.



Dokumentasjon og vurdering:

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet jobbar for å oppfylle krava til barnehagelova og rammeplanen. Vi vil gjennom dokumentasjon gi foreldre, lokalmiljø og kommune som tilsynsmyndigheit informasjon om kva barna opplever, erfarer og gjer i barnehagen. Dokumentasjon omkring enkeltbarn i tilknytning til samarbeid med andre hjelpeinstansar er underlagt teieplikta. I det daglege vil dokumentasjon vere i form av foto, permar, plakatar, e-post og evaluering etter tema-periode.

Vurdering	Innhenting av data	Vurderingsforum
Enkeltbarnet sin trivsel, utvikling og behov	• Observasjon av barnet i kvardagen • Bruk av Alle Med* og TRAS** • Dagleg kommunikasjon med foreldre • Foreldresamtalar • Eventuelle eksterne fagpersonar	• Avdelingsmøte • Pedagogmøte • Foreldresamtalar • Eventuelle andre møter
Avdelingane sitt arbeid med målsetnader i planar (etter kvar tema-periode)	• Dagleg kommunikasjon med foreldra • Foreldresamtalar • Foreldremøte • Observasjonar • Medarbeidarsamtalar • Eventuelle eksterne fagpersonar	• Avdelingsmøte • Pedagogmøte • Personalmøte • Foreldresamtalar • Foreldremøte

*

Vurdering

Vi ønsker å bidra til openheit omkring barnehagen sine mål, innhald og kvalitet ved å gjere vurderingane tilgjengeleg for andre. I etterkant av tema-periodane gjennomfører vi felles evalueringar på avdelingsmøte. Vi brukar ofte GLL metode, gjort, lært, lurt.



Kva og korleis har vi dokumentert undervegs?

Kva har vi lært og erfart av denne dokumentasjon?

På kva måte har fagområda vore representerte i perioden?

Kva kunne vi eventuelt gjort annleis for å oppnå måla?

Har vi nådd måla?

Kva har vore utfordrande?

Formålet med årsplan

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Dette for å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplan.

- Årsplan skal gi informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til myndigheitsnivå, samarbeidspartnar til barnehagen og andre interesserte.
- Årsplan skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplan til pedagogisk praksis.
- Årsplan skal vise korleis vi i barnehagen jobbar med omsorg, leik, læring og danning.
- Årsplan skal vere eit reiskap for personalet når dei utarbeidar periodeplanar og vekeplanar.
- Årsplan skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen,